

## UTBYGGINGSAVTALE

### mellom Ål kommune og grunneigarane/utbyggjarane innanfor Detaljreguleringsplan for 'H3 Rosengardshovda sør.

**Avtala gjeld gjennomføring av følgjande plan:  
Detaljreguleringsplan for 'H3 Rosengardshovda sør', planid 2021001  
vedteke k-sak .../..... den .....**

Avtala er i samsvar med kapittel 17 i plan- og bygningslova jf. Ål kommunestyre sak 82/12, vedteke 20.12.2012 og k-sak 37/11 vedteke den 15.6.2011.

Utbyggjar av Reguleringsplan for H3 Rosengardshovda sør, må dekke alle interne kostnader som følgje av utbygging av Detaljreguleringsplanen for H3. Eksterne kostnader og utbyggjars ansvar er spesifisert i tabellen under. Bidrag frå utbyggjar til eksterne kostnader skal stå i høve til storleik på utbygginga jf. kapittel 17 i plan- og bygningslova: *"Kostnadene som betales av utbygger eller grunneier til tiltaket må stå i forhold til den belastning den aktuelle utbygging påfører kommunen."*

Samandrag av anlegg/tiltak med kostnadsdeling mellom Ål kommune og utbyggjar:

| <b>Anlegg/tiltak</b>   | <b>Dimensjonering og kostnad for utbyggjar</b>   |
|--|--|
| Renovasjonsplass   | Utbyggjar betaler kr 2000 pr. godkjent tomt. Ål kommune ordnar med utviding av plassen, grunnkjøp, oppmåling og nedsetting av Molok (nedgrave avfallskonteinerar)  |
| Avlaupsledning frå felta til eksisterande kommunalt avlaupsnett                    | Etter kommunal standard. Utbyggjar dekker 100% av kostnaden. Kommunen tek over hovudledningsnettet kostnadsfritt og står for drifta av det. Det kan gjerast avtale om justeringsrett slik at utbyggjar får att mva i ettertid fordelt over 10 år.  |
| Oppgradering av delstrekning på om lag 250 m som pr i dag har 110 mm avløpsledning | Utbyggjar dekker 100% av kostnaden.  |
| Anleggstilskot for oppgradering/utviding av Ål renseanlegg                         | Det skal betalast inn anleggstilskot kr 25 000 pr eining.<br><br>Tomteselgjar skal betala inn 12 anleggstilskot innan 1 mnd etter signering av denne avtala og sidan anleggstilskotet x 2 i det skøyte på ny eigar føreligg eller det er gitt byggeløyve på tomta/tomtene.<br>(Det som skjer fyrst av skøyte eller byggeløyve, utløyser betalingskravet.)<br>På dette viset vil utbyggjar ved sal av 50% av dei tomtene han eig, ha betalt inn 100% av anleggstilskotet.<br><br>Tilkoplingsavgift vert betalt av tomteeigaren når hytta vert |

|  |   |
|--|---|
|  | kopla til avlaupsanlegget, jf. kommunens reglar for innbetaling av tilkoplingsavgift.   |
| Vassforsyning                          | Utbyggjar kostar utbygging av vassforsyning etter gjeldande Va-norm. Kommunen tek etter nærmare avtale over og driftar vassverket/a. Det kan gjerast avtale om justeringsrett slik at utbyggjar får att mva i ettertid fordelt over 10 år.  |
| Veg                                    | Vegar og parkeringsplassar innan reguleringsfelt/utbyggingsområda vert opparbeidd og kosta av utbyggjarar i samsvar med den standard som følgjer av reguleringsplan/byggeløyve.<br>Utbyggjar opparbeider og kostar naudsynt vegtilknytning frå feltet og fram til eksisterande vegnett, anten dette er privat eller offentleg veg. Utbyggjarane har ansvar for å erverve naudsynt grunn og rettar for vegframføring og tilslutning til eksisterande vegnett. Før utbygging startar skal grunneigarane ha sytt for avtale med private vegstyre om utbyggingsområdets del i drift og vedlikehald av eksisterande private vegar som utbyggingsfeltet vert tilslutta. |
| Stigar og løyper                       | Utbyggjar sørger for og kostar omlegging av skiløype og bygger og betalar planfri kryssing mellom skiløype og tilkomstveg.<br>Ål kommune tilrår utbyggjar å utarbeide avtale med kjøparar av hyttene slik at kjøpar pliktar å betale årleg tilskot til stig- og løypnemnd.  |
| Brannvatn og evt flaum og skredsikring | Utbyggjar tek kostnadene med å etablere eventuelle interne tiltak, som t.d. brannvatn, flaum- og skredsikring m.m.  |

***Følgjande kommunale dokument legg føringar for utbyggingsavtala:***

Vedtekne reguleringsplanar i området, gjeldande kommuneplan for Ål, kommunedelplan for Sundre, kommunedelplan for Primhovda, gjeldande økonomiplan, gjeldande hovudplan for vatn, plan for vassmiljø og hovudplan for avlaup, reglement for sanitæranlegg i Ål kommune, avfallsforskrifta for Ål kommune, VA norm for Ål kommune og gjeldande rehabiliteringsplan leidningsnett vatn/avlaup, vedtekne retningsliner for bruk av utbyggingsavtaler i Ål kommune og saksutgreiing til kommunestyresak om reviderte prinsipp for bruk av utbyggingsavtaler.

***Twist***

Vedtak om utbyggingsavtale etter kapittel 17 i plan- og bygningslova kan ikkje påklagast. Ei kvar twist mellom partane med utgangspunkt i denne avtala skal søkast løyst gjennom forhandlingar. Viss partane ikkje vert samde, blir tvisten avgjort ved vanleg domstolhandsaming ved den lokale tingretten.

Denne avtala ligg føre i to likelydande eksemplar, ei til kvar av partane.

Ål, den

Ål, den

for Ål kommune

for utbyggjar (ane)

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

